

Møteprotokoll

Utval: Nærøyfjorden verneområdestyre

Møtestad: Kommunestyresalen, Aurland

Dato: 01.03.2016

Tidspunkt: 10:00 – 13:15

Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Noralv Distad	Leder	AUR
Olav Turvoll	Nestleder	VIK
Gunn Åmdal Mogstad	Medlem	SFFK
Iril Schau Johansen	Medlem	HOFK

Følgjande medlemmar meldte forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Jan Geir Solheim	MEDL	LÆR
Bjørg Djukastein	MEDL	VOSS

Følgjande varamedlemmar møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Gunn Beate Sjøthun	Jan Geir Solheim	LÆR

Merknadar

Noralv Distad, leiar for styret 2012-2015, leia møtet fram til konstituering av nytt styre i sak 3/16. I fyrste del av møtet orienterte forvaltar om verneområda i Nærøyfjordområdet, og oppgåvene til styret.

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Anbjørg Nornes	Sekretær

Andre:

Kristoffer Ullern Hansen SNO Aurland

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv-saksnr
ST 1/16	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 2/16	Val av to styremedlemmer til å skrive under protokoll		
ST 3/16	Nærøyfjorden verneområdestyre – Konstituering for perioden 2016-2019	2016/635	
ST 4/16	Nærøyfjorden landskapsvernombord - tilrettelegging av stien til Horten og båtfeste ved Kotningen og Høyskreda	2015/4115	
ST 5/16	Nærøyfjorden landskapsvernombord - oppføring av ny hytte på Horten	2015/4116	
ST 6/16	Nærøyfjorden landskapsvernombord - utbetring av utedo på Salthella og Skalmenes	2015/1150	
ST 7/16	Nærøyfjorden verneområdestyre – fordeling av tiltaksmidler 2016	2015/3985	
DS 1/16	Nærøyfjorden landskapsvernombord - grusuttak fra Styviselva til reparasjon av kaia på Styvi	2016/136	
DS 2/16	Nærøyfjorden landskapsvernombord - helikoptertransport av felt hjort i Ramsøy hjortevald i Aurland kommune	2013/49	
RS 1/16	Uttale fra Nærøyfjorden verneområdestyre til plansak på Bakka - plan for nydyrkning - vassuttak - reparasjon av kommunal veg og strandline	2016/649	
RS 2/16	Nærøyfjorden landskapsvernombord - høring av forslag til endringer i regelverk for bruk av el-sykler i utmark og behov for endring i forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag - adgang for persontransport	2016/517	
RS 3/16	Bilderapport - oppføring av reflektormast ved Øvsthusnipa	2014/2349	
RS 4/16	SV: Manglande rapportering i samband med oppføring av naudnettmas på Skogane i Nærøyfjorden landskapsvernombord	2015/819	
RS 5/16	RE: SV: Manglande rapportering i samband med oppføring av naudnettmas på Skogane i Nærøyfjorden landskapsvernombord	2014/2669	

Møteplan for 2016 for Nærøyfjorden verneområdestyre

Møteplan for fyrste halvår 2016:

- | | |
|----------|---|
| 5. april | Møte i Sogndal etter konferansen for nye styre. |
| 7. juni | Heildagsmøte med synfaring i Nærøyfjorden |

RS/2/16 Høyring av forslag til endring av regelverk for bruk av el-sykler i utmark

Forvaltar skriv uttale i høyringssaka. Styret meiner eit unntak frå motorferdsselforbodet for el-syklar bør gjelda for veg og opparbeida sti, som er eine alternativet som vert lagt fram i høyringsnotatet. Opparbeida sti gjev ein meir eintydig definisjon, og eit regelverk som vert enklare å fylgje. Opning for bruk av el-sykkel på alle stiar kan auka faren for ferdsel i sårbare område og på slitesvake stiar. I tillegg kan det føra til auka ulempe for andre brukarar av stiar i utmark.

RS 3/16 Bilderapport – oppføring av reflektormast ved Øvsthusnipa

Styret bad forvaltar innhenta opplysingar om tal helikopterturar i samband med installering av reflektormast ved Øvsthusnipa.

ST 1/16 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 01.03.2016

Handsaming i møte

Sekretær la fram ny sakliste i møte med sak 7/16 som ny sak. Styret godkjente dagsorden med ny sakliste for møtet.

Vedtak

Innkalling og dagsorden vart godkjent med ny sakliste.

ST 2/16 Val av to styremedlemmer til å skrive under protokoll

Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 01.03.2016

Handsaming i møte

I fylgje vedtekten for Nærøyfjorden verneområdestyre, skal leiar og ein vald styremedlem skriva under møteprotokollen. Styret valde medlem til å skriva under møteprotokoll etter styret var konstituert i sak 3/16. Møteprotokoll skal godkjennast med svar på e-post til sekretær.

Vedtak

Gunn Åmdal Mogstad vart valt til å skriva under møteprotokoll 01.03.2016.

ST 3/16 Nærøyfjorden verneområdestyre - konstituering for perioden 2016-2019

Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 01.03.2016

Handsaming i møte

Gunn Beate Sjøthun kom med framlegg på Noralv Distad som leiar i verneområdestyret, og Olav Turvoll som nestleiar i verneområdestyret. Kandidatane det kom framlegg på vart samrøystes valt.

Val av arbeidsutval er utsett til styret ser det er trong for oppretting av arbeidsutval.

Noralv Distad forsette møteleiinga som attvald leiar.

Vedtak

I medhald av punkt 4 og 5 i vedtekter av 10.09.2015 for Nærøyfjorden verneområdestyre, vert styret konstituert med val av leiar og nestleiar for perioden 2016-2019. Fylgjande er valde:

Leiar: Noralv Distad

Nestleiar: Olav Turvoll

ST 4/16 Nærøyfjorden landskapsvernombåt - tilrettelegging av stien til Horten og båtfeste ved Kotningen og Høyskreda

Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 01.03.2016

Handsaming i møte

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar.

Vedtak

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Svenn Vidar Stegen løyve til å utbetra stien til Horten frå sjøen ved Kotningen. Det kan setjast opp ein bolt til båtfeste ved sjøen ved Kotningsgrovi og ein bolt ved Høyskreda

Løyvet er gjeve med heimel i naturmangfaldlova § 48 første ledd og første alternativ, og gjeld med fylgjande vilkår:

Utbetring av stien

- Tilrettelegginga skal avgrensast til det som er naudsynt for å ta seg fram på stien av omsyn til tryggleiken for gåande på stien
- Trappetrinn kan festast med boltar i fjellet på dei 6 punkta som er avmerkt i kartet.

- Ved særleg vanskelege parti på stien der det er trøng for tau eller kjetting å halda seg i, kan det setjast opp boltar til tau/kjettingfeste.
- Tiltakshavar er ansvarleg for tilsyn og vedlikehald av stien

Båtfeste

- Det kan festast ein bolt ved sjøen nær Kotningsgrovi ved starten av stien opp til Horten, og ein bolt ved sjøen ved Høyskreda.
- Blåsa som er festa i anker i sjøbotnen utafor Kotningsgrovi og Høyskreda skal fjernast kvar haust, og kan leggjast ut att om våren.

Det skal sendast rapport til sekretariatet når arbeidet er sluttført. Det må ikkje setjast i gang nye tiltak på stien utan løyve frå Nærøyfjorden verneområdestyre.

ST 5/16 Nærøyfjorden landskapsvernombord - oppføring av ny hytte på Horten

Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 01.03.2016

Handsaming i møte

Saka vart utsett til neste møte. Styret bad forvaltar ta kontakt med søker for å sjå på alternative løysingar. Framlegg til vidare saksgang vart godkjent med 4 stemmer for og 1 stemme mot.

ST 6/16 Nærøyfjorden landskapsvernombord - utbetring av utedo på Salthella og Skalmenes

Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 01.03.2016

Handsaming i møte

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar.

Vedtak

Nærøyfjorden verneområdestyre gjennomfører utbetringar av utedoane på Salthella og på Skalmenes i Nærøyfjorden med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernombord § 3 punkt 1.3 b). Tiltaket skal gjennomførast på fylgjande vilkår:

- Grunneigarane på gnr. 58 bnr. 1 på Skalmenes, og grunneigar på gnr. 67 bnr. 2 på Salthella, må gje samtykke til utviding av utedoen
- Utedoane skal byggjast i trematerial, og vil få ei grunnflate på inntil 3 m², og høgd på inntil 2,2 m.
- Utedoane kan setjast opp på Skalmenes og Salthella der det er best tilpassing i terrenget og landskapet.

- Det kan gravast to kammer under kvar utedo for komposterting.

SNO skal halda tilsyn med utedoane slik at dei fungerer som dei skal, og vil rapportera med omsyn til ureining til Aurland kommune som er renovasjonsmyndighet etter ureiningslova. Dersom utedoane fører til problem av noko slag, skal verneområdestyret få dei fjerna, og området rydda.

ST 7/16 Nærøyfjorden verneområdestyre - fordeling av tiltaksmidlar 2016

Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 01.03.2016

Handsaming i møte

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar.

Vedtak

Nærøyfjorden verneområdestyre fordeler tiltaksmidlar etter prioritert rekjkjefylgje i tiltaksplan for 2016.

Tiltak basert på tildelte tiltaksmidlar	Samarbeidsaktørar	Kostnad 2016	Periode	Prioritet
Styvi - Holmo. Skjøtsel av kulturlandskap i samsvar med skjøtselsplan	Grunneigar	200 000	2014-2016	1
Stigen. Skjøtsel av kulturlandskap i samsvar med skjøtselsplan	Grunneigar	72 000	2014-2016	2
Skjøtsel og vedlikehald av stiar og kulturlandskap i samsvar med skjøtselsplanar i Dyrdal, Bakka, Nåli, Fresvik, Stokko, Nedbergo	Grunneigarar, SNO	128 000	2014-2016	3
Restaurering av stiar og murar på postvegen. 4 grinder	Grunneigarar, SNO	80 000	2016	4
Sum		480 000		

Forvaltar fordeler tiltaksmidlane innafor rammene styret har sett for prioriterte område.

DS 1/16 Nærøyfjorden landskapsvernombanen - grusuttak frå Styviselva til reparasjon av kaia på Styvi

DS 2/16 Nærøyfjorden landskapsvernombanen - helikoptertransport av felt hjort i Ramsøy hjortevald i Aurland kommune

RS 1/16 Uttale frå Nærøyfjorden verneområdestyre til plansak på Bakka - plan for nydyrkning - vassuttak - reparasjon av kommunal veg og strandline

RS 2/16 Nærøyfjorden landskapsvernombanen - høring av forslag til endringer i regelverk for bruk av el-sykler i utmark og behov for endring i forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag - adgang for persontransport

RS 3/16 Bilderapport - oppføring av reflektormast ved Øvsthusnipa

RS 4/16 SV: Manglande rapportering i samband med oppføring av naudnettmaст på Skogane i Nærøyfjorden landskapsvernombanen

RS 5/16 RE: SV: Manglande rapportering i samband med oppføring av naudnettmaст på Skogane i Nærøyfjorden landskapsvernombanen